



Oppvekstsenteret er ikkje lenger godkjent. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kommuneoverlegen si vurdering er at Uskedalen oppvekstsenter ikkje lenger tilfredsstillar krava til forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular. Det er heller ikke rimelig å anta at manglane kan bli retta innan kort tid med fortsatt godkjenning på vilkår.

Dette fører til at godkjenninga etter forskrifta blir oppheva.

Kommuneoverlegen har teke denne avgjerda på bakgrunn av observasjonar under inspeksjonar samt manglande framdriftsplan med tidsfristar. Men akutte og alvorlege helsefarear som tilseier stenging på kort sikt ligg ikke føre så langt kommuneoverlegen kan sjå.

Stenging kan berre gjerast som hastevedtak ved akutt helsefare i påvente av eventuelt politisk vedtak på bakgrunn av dokumentasjonen som ligg føre.

Å vere utan godkjenning etter forskrifta betyr brot på myndigheitskrav. Den praktiske konsekvens er at grunnlaget for eit helsemessig godt miljø i vidaste forstand er redusert i større eller mindre grad, skriv kommuneoverlege Trygve B. Torjusen og ingeniørKnut Evjen.

Uskedalen sto øverst på prioriteringslista når det gjaldt dei ekstraordinære statsmidlane til skuleopprusting, men kommunestyret valgte i staden å dryssa desse midlane utover fleire andre gode prosjekt, påpeikar Bjørn Vaage ved Tekniske tenester.

Planen var å rusta opp klasserom/administrasjonsfløyen med nye ytterveggar, nye golv og ikkje minst ny og balansert ventilasjon. Dette er no sett på vent i påvente av kva som skjer med skulestrukturen.

Avvika som går på det bygningsmessige (dårleg vedlikehald og inneklima) er ikkje utbedra.

Av Ola Matti Mathisen